

Kunnskapsdepartementet

Strategi, samfunns- og næringsutvikling

Saksbehandlar:

Olav Mestad

Dykkar referanse:

Vår referanse:

20/4635-3 20/12426

Arkivkode:

A60

Dato:

10.02.2020

Høyringsvar utredning frå Grimstadutvalet

Kunnskapsdepartementet har oppnemnd Grimstadutvalet som har vurdert behovet for studieplasser i medisin i Norge.

Ålesund kommune ynskjer i denne samanheng å kome med ein kort uttale.

Utvalet går inn for at det vert etablert fleire studieplasser i medisin ved norske universitet. I framtida er målet å utdanne 80% av legene vi treng sjølve. Dette tilsvarer 1076 studieplasser og betyr at kapasiteten må aukast med 440 studieplassar. I dag studerer nær 47 % av alle medisinerstudenter i utlandet.

Utvalet ynskjer at dei fire Universiteta UiO, UiB, UiT og NTNU skal ha hovudansvaret for utdanninga og at det skal etablerast eit spesielt samarbeid mellom UiB og UiS (Universitetet i Stavanger). Halvparten av utvalet meiner at ein skal halde fram med fire universitet, medan den andre halvparten ynskjer profesjonsstudiet i medisin ved fleire universitet enn dagens fire.

Ein går inn for at meir av den kliniske undervisninga og praksis vert fordelt ut til lokal campus etter mønster UiT og NTNU (Levanger). I pkt G under Studiemodeller står det:

«Utvalget anbefaler studiemodeller i medisin som inkluderer en større del av helsetjenesten, både i praksis og klinisk undervisning. Utvalget anbefaler studiemodeller der studentene er ved campuser utenfor universitetsbyen i større deler av studietiden, som del av studieplanen ved sitt lærested. I samsvar med dette anbefaler utvalget etablering av nye campuser»

Det skulle såleis ligge godt til rette for å etablere ein campus for utdanninga av medisinstudentar i Ålesund. Dette vil kunne gje tettare samarbeid med Helse Møre og Romsdal og med kommunane i regionen.

Utvalet tilrår vidare at ein i større grad er fleksibel når det gjeld å tildele praksisplassar uavhengig av helseregion. Det vil i praksis bety at studentar som har si utdanning ved t.d UiO eller UiB vil kunne få praksisplass i Møre og Romsdal.

I pkt P vert de anbefalt å legge til rette for at utenlandsstudenter kan ha praksis og hospitere i den norske helsetenesta.

Vidare foreslår utvalet i punkt Q å i større grad bruke kommunehelsetenesta som læringsarena og ein ynskjer at det vert innført nasjonal finansieringsordning for praksisstudier i primærhelsetenesta.

Vuredering og konklusjon:

Ålesund kommune har i dag utfordringar med å rekruttere legar både til fastlegordninga, Ålesund Interkommunale legevakt og til dei kommunale institusjonane ØHD og sjukeheimar Grimstadutvalet foreslår ikkje å utdanne fleire norske legar totalt sett. Effekten av at utdanninga i større grad skjer i Norge, vert likevel vurdert å vere positiv.

Ålesund kommune er positiv til dei endringane som er foreslått i Grimstadutvalet si utredning. Det er forventa at det vert etablert ein campus for utdanning og praksis ved NTNU, Ålesund etter modell frå NTNU i Trondheim og Levanger. Det vil det vere positivt for rekruttering av legar både til Helseforetaket og til kommunehelsetenesta. Ålesund kommune er positiv til at det vert lagt til rette for at fleire studenter får utdanning ved fastlegekontor og helseinstitusjonar i kommunen.

Med helsing

Anne Mette Liavaag
stabssjef

Olav Mestad
kommuneoverlege

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

